

Uskedal skule opnar måndag 27. april for 1. - 4. klasse.

23.04.2020



Uskedal skule er klar for å ta mot elevane i 1. - 4. klasse på måndag, 27. april.

Barnehagane i Uskedalen opna i denne veka. No er skulen klar for å ta mot elevane i 1. - 4. klasse frå måndag. Rektor Odd Steinar Arnesen fortel til Uskedalen.no at det vert vanleg skuledag med nokre mindre justeringar. Det går for det meste på timar og friminutt. Gruppene/klassane vil disponera sine område ute og faste vaksne skal fylgja gruppene. Elevane skal leverast og hentast ved ulike inngangar til skulen. Det er utarbeidd plan for handvaskrutinar og for reinhaldet generelt. Alt vert gjort for at det skal vera trygt og godt for elevane og for personale.

I rettleiinga frå Kunnskapsministeren vert det understreka:

- At ein skal organisera grupper på maks 15 elevar på aldersstega 1. - 4.
- At mykje av undervisninga er ute for å unngå store samlingar.
- At elevane / gruppene har sine faste plassar med god avstand.
- At klassane har gode rutinar for måltid og at ein skal unngå deling av mat og utstyr. Alt utstyr skal vaskast godt.
- At gruppene har ulike tider for friminutt.
- Avgrensa bruk av offentleg transport til og frå skulen.

Uskedal skule har vore stengd sidan 12. mars. Måndag 27. april møter elevane i 1. - 4 klasse. Det er førebels ikkje sett dato for kva tid elevane i 5. - 7. klasse skal møta, men målet er at alle elevane skal vera på plass ein gong før sommarferien.



Rektor Odd Steinar Arnesen saman med personale ha gjort alt for at skulen skal vera trygg og god for elevane.
Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal